



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 ALVERSUND


Referanser:
Dykker:
Vår: 15/4147 - 17/30438

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no


Dato:
27.10.2017

Vedkomande overvatn langs kommunal veg - gbnr 137/188 Alver

Teknisk drift har registrert at det langs kommunal veg ved gbnr 137/188 samler seg overvatn i kommunal veg og veggroft. Det er spesielt ved avkjørslene til eigedom at overvatn er eit problem. Avkjørslene er etablert med fall mot kommunale vegen. Dette medfører at overvatn frå eigedom vert leda ut i kommunevegen og til veggroft. Det er viktig at Bolig & Eiendom AS, som utbyggar, får på plass eit dreneringssystem som fanger opp overvatn slik at dette ikkje fører til problemer i kommunal veg.



Situasjonskart med VA data



Utsnitt reguleringsplan

Ved regulert avkjørsle nr 1 (sjå kart over) har kommunen ei kum som tar i mot overvatn frå veg og veggroft. Eigedom gbnr 137/188 har dreneringsrøyr som er kopla på denne kummen. Ei føresetnad for at kum skal fungere optimalt er at den ikkje vert dekt til eller at terrenget rundt denne vert endra. Ved regulert avkjørsle nr 2 er det ikkje etablert slik kum. Avkjørslar er etablert med fall mot kommunal veg. Her skulle avkjørslane ha fall frå kommunevegen. Teknisk drift – veg – ber Dykk om å få på plass nødvendig dreneringssystem for å få leda bort overvatn frå eigedom og kommunal veg/veggroft. Nytt dreneringssystemet skal knyttast på kommunalt overvassnettet i området.



Vi gjer merksam på at Teknisk drift, VVA, skal ha ei kort utgreiing om korleis De har tenkt å utføre arbeid før arbeid vert sett i gong. Sjølv om Teknisk drift – veg – ber Dykk om at å få på plass eit dreneringsystem skal arbeid være godkjent av Teknisk drift, VVA ,før oppstart. Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Med helsing

Atle Dingen
Einingsleiar Teknisk drift

Linda Folkestad saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911

ALVERSUND